# Beskrivelse av delytelse A

## Delytelse: Brudd og slitasje i skjelettet

Rehabilitering etter bruddbehandling og andre skadar i muskel- og skjelettsystemet, artrosar, hofte og kneprotesar, komplisert osteoporose og bekkenløysing.

| | |
|---|---|
| Målgruppe/ pasientgruppe | *a) Diagnosegruppe/tilstand*<br>Ortopediske, konservativ og postoperativt behandla. Behov for tverrfagleg tilnærming, kompliserande bidiagnosar, revisjonsprotesar samt dei med akutte hendingar i forkant av ortopedisk kirurgi.<br><br>*b) Livsfase/aldersgruppe*<br>Tilbodet vert gitt til vaksne pasientar.<br><br>*c) Når i sykdoms-/rehabiliteringsforløpet*<br>Pasienten vert henvist direkte frå sjukehus eller primærhelsetenesta.<br><br>*d) Hjelpebehov/funksjonsnivå*<br>Barthel ADL-indeks ned mot 6 i avgrensa antal i planlagt forløp. |
| Ytelsen leveres som | *Døgn/dag*<br>Døgnopphald<br><br>*Gruppe/individuelt*<br>Individuelt opphald |
| Kortfattet beskrivelse av ytelsen/tilbudet til målgruppen | Mål: Å betre helsetilstand og auke eigenmeistring fysisk, psykisk og sosialt. Auka mobilitet og funksjonsnivå. Redusere usikkerheit og opplevd smerte. Kartlegge og tilrettelegge for hjelpemiddel og andre behov i heimen. Tilbakeføring til utdanning der dette er aktuelt.<br><br>**Tilbud:**<br><br>a) *Delytelsens metode og struktur*<br>Heilskapleg kartlegging og intervensjon: ICF som rammeverk.<br>Postoperativ observasjon: Følge opp med måling av Hb, CRP, evt. SR, temp og BT.<br>Sårskift og klinisk observasjon knytt til teikn på infeksjon; sekresjon, hevelse og rubor.<br>Kartlegging og måling av smerte og endring av smertebilde: VAS- skala.<br>MTT: Ein bio-psyko-sosial metode med fokus på spesifikke treningsstimuli tilpassa ulike vevsstrukturar.<br>Smertefri funksjonsretta trening kor pasienten har ei aktiv rolle. |

| | |
|---|---|
| | Pedagogiske prinsipp og verktøy for å fremje læring, meistring og helse hos våre pasientar og deira pårørande. Rettleiing og medisinsk treningsterapi (MTT). Informasjon om restriksjonar og forventa progresjon. Bevegelighetstrening i tråd med gjeldande restriksjonar Funksjonell trening med fokus på meistring og ADL. Psykomotoriske prinsipp for smertemeistring.<br><br>*b) Ernæring og kosthold*<br>Ernæringsstatus og væskebalanse vert fulgt opp av bachelor i ernæring og pleiepersonale.<br><br>c) Resultat og brukererfaringer<br>Effektmålingar i form av spørjeskjema, samt fysiske testar. Brukerevaluering utarbeidd av Kunnskapssenteret.<br><br>*d) Bemanning for døgnopphold*<br>Tibodet vert gitt av eit tverrfagleg team beståande av legespesialist, fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar. Oppfølging av idrettspedagog, bachelor i ernæring og arbeidskonsulent der behovet er til stades. Muritunet har sjukepleiar på vakt 24-timar i døgnet.<br><br>*e) Samarbeid/samhandling med andre aktører forut for inntak,, under og etter forløpet samt ambulant virksomhet:*<br>Samhandling med relevante aktørar som pårørande, primærhelsetenesta, fastlege, andre i spesialisthelsetenesta, arbeidsgjevar, BHT, NAV og arbeidslivssenter er sentralt i planlegging og tilrettelegging av eit heilskapleg pasientforløp. Spesielt for dei med omfattande skadar etter akutt hending er kartlegging av behov for og initiering av IP eit viktig tiltak. |
| **Faglig fundament** | *Institusjonens samlede kompetanse i forhold til målgruppen*<br>Fagpersonalet har grunnleggjande helsepedagogisk kompetanse, som i pasientmøte kjem til uttrykk gjennom respekt, fagleg dyktighet , god dialog og støtte. |
| **Lokasjon** | Muritunet AS, Grandegata 58, 6210 Valldal.<br>www.muritunet.no<br>Muritunet er lokalisert i Valldal på indre Sunnmøre. Frå Ålesund eller Molde (E36/E39) køyrer ein til Sjøholt, og tek av (Fv650) austover mot Valldal. Næraste flyplass er Ålesund lufthavn på Vigra. |
| **Varighet** | *Anslagsvis forventet oppholdslengde for målgruppen*<br>2-3 veker. Mulig å søkje forlenging. |